Høgskulen på Vestlandet



# O-12/23
# Orientering om studiebarometerereret 2022

## Styret 7.mars 2023

Prorektor utdanning Anne-Grethe Naustdal

# Overordna indeksar for heile HVL




## SVARPROSENT





Prorektor for utdanning Anne-Grethe Naustdal og Oskar Brattetaule, førsteårs sjukepleiarstudent på campus Førde, delar tankar kring kva som kan gjere studietida betre.

**Tora Myklebust Optun**
Rådgivar
Avdeling for kommunikasjon

**Katrine Sele**
Rådgivar
Avdeling for kommunikasjon

Publisert 15.02.23 - 19:57

Endra 16.02.23 - 09:55

# Studentane er mindre nøgde enn før, og det overraskar

Pandemi innskrenkar ikkje lenger studiekvardagen. Men Studiebarometeret viser at studentar både ved HVL og nasjonalt i fjor var mindre nøgde enn i åra før.

– Vi hadde forventa at vi skulle ha eit sterkare resultat, no som pandemirestriksjonane er over. Vi tek resultata på alvor og vil sikre oss djupnekunnskap frå studieprogramma, både der studentane er minst nøgde og der dei er mest nøgde. I tillegg må vi sjå på kva vi kan gjere på overordna nivå med systema våre, seier prorektor for utdanning Anne-Grethe Naustdal om tala frå Studiebarometeret.

Studiebarometeret er ei nasjonal undersøking som frå 2014 har vore sendt til studentar ved norske universitet og høgskular. NOKUT er ansvarleg for å gjennomføre undersøkinga på vegner av Kunnskapsdepartementet. Kvart år blir den sendt ut til alle studentar på andre og femte studieår. Ved HVL var svarprosenten i denne runden 48, noko som er over det nasjonale gjennomsnittet på 39 prosent.

Her finn du resultata frå Studiebarometeret

## Same trend nasjonalt

For 2022 er resultatet 0,2 poeng ned frå året før, det er òg ein nedgang samanlikna med åra før pandemien. På spørsmålet om studentane på Høgskulen på Vestlandet alt i alt er nøgde med studieprogrammet dei går på, kjem det overordna resultatet for 2022 på 3,6 ut av 5 poeng som er toppskår. Nedgangen følgjer ein nasjonal trend. HVL ligg noko under det nasjonale gjennomsnittet.



# Samanlikning fakultet

| Indeksverdiar | FHS | FIN | FLKI | FØS | HVL totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Alt i alt fornøyd[1] | 3,7 ↓ | 3,8 | 3,6 | 3,5 ↓ | 3,6 ↓ |
| Tilbakemelding og veiledning | 3,3 ↑ | 3,4 ↑ | 3,3 ↑ | 3,2 ↑ | 3,3 ↑ |
| Vurdering og eksamen | 3,8 | 3,9 ↑ | 3,8 | 3,7 ↓ | 3,8 |
| Faglig og sosialt miljø | 3,6 ↑ | 3,7 ↑ | 3,7 ↑ | 3,4 | 3,6 ↑ |
| Undervisning | 3,5 | 3,4 ↑ | 3,5 ↑ | 3,3 ↓ | 3,5 |
| Eget engasjement | 3,6 | 3,4 ↓ | 3,3 ↓ | 3,4 ↓ | 3,4 ↓ |
| Organisering | 3,3 ↑ | 3,5 | 3,2 ↑ | 3,3 ↓ | 3,3 ↑ |
| Tilknytning til arbeidslivet | 3,3 ↓ | 2,8 ↓ | 3,1 ↑ | 2,7 ↓ | 3,0 ↓ |
| Praksis[2] | 3,7 | 3,7 ↓ | 3,5 ↑ | 3,2 | 3,6 |



Psykososialt læringsmiljø
4
3,9
3,8
3,7
3,6
3,5
3,4
3,3
3,2
3,1
3
3,7
3,6
3,9
3,9
3,4
3,7
3,7
3,8
3,6
3,4
3,5
3,5
3,6
3,5
3,3
3,7
3,7
3,5
Det sosiale miljøet blant studentene på studieprogrammet
Det faglige miljøet blant studentene på studieprogrammet
Miljøet mellom studentene og de faglig ansatte på studieprogrammet
HVL
FHS
FIN
FLKI
FØS
Nasjonalt

# Oppfølging av resultata

- Fakulteta er i gang med oppfølging og nøyaktig gjennomgang

- Høgskulen jobbar kontinuerleg  med oppfølging av studiebarometeret saman med andre undersøkingar - utviklar heilskapleg system for gjennomføring og oppfølging av studentundersøkingar

- Periodiske studieprogramevalueringar inkluderar resultat frå studiebarometeret

  I år evaluerast blant annet fleire ingeniørfag, økonomi- og administrasjonsfag, sjukepleie og grunnskulelærarutdanningane

# Oppfølging av resultata på alle nivå

- Studieprogramråda
- Studentråda på fakultet og campus
- Utdanningsutvala på fakulteta og på institusjonen
- Læringsmiljøutvalet
- Styret



# Kvalitetssystemet vårt skal sikre systematisk arbeid med forbetring og vidareutvikling

## Årleg utvikling av studieprogrammet

Alle emne- og studieplanar skal vere i tråd med Forskrift for studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, og godkjennast av dekan.
Når studieplan skal reviderast, skal studentar, tilsette og representantar frå praksisfelt/arbeidsliv involverast. Medverknad er studieprogramansvarleg sitt ansvar, og skjer normalt gjennom Studieprogramrådet

- Studieprogramråd
- Val av studentillitsvalde og opplæring av studentar
- Oppfølgingsform studieprogram og emne
- Årleg revisjon av studie- og emneplanar
- Oppfølging av student- og kandidatundersøkingar
- Oppfølging og tilbakemelding om data og dokumentasjon

## Tilbakemelding om resultat og tiltak

Studieprogramansvarleg har ansvar for at relevant dokumentasjon frå kvalitetsarbeidet blir lagt i læringsplattforma og lagra i det valde systemet for lagring og formidling av dokumentasjon. I tillegg kan ein velje å gjennomføre kullsamlingar for å formidle og diskutere tilbakemeldingar, tiltak og resultat med studentane.

Dokumentasjon frå kvalitetsarbeidet i HVL vert også lagra i Sharepoint.

- Studieprogramansvarleg sitt ansvar



# Kvalitet i emne

☆ Lagre som snarveg

Å sikre jamleg vurdering og utvikling av kvalitet i emne er eit sentralt mål med kvalitetssystemet. Høgskulen skal legge til rette for utvikling og forbetring av kvalitet i emne og studieprogram gjennom god organisering og leiing.

Vi skal sikre forbetring og utvikling av kvalitet i emna med utgangspunkt i erfaringar frå undervising og vurdering, dialog med studentar og arbeidsliv/praksisfelt. Utviklingsarbeidet skal dokumenterast, og vi skal formidle korleis tilbakemeldingane blir fulgt opp.

- **Emneansvarleg sitt ansvar**
- **Ressursar for tilsette med emneansvar**




- **Utvikle og revidere emneplan**
- **Førebu og gjennomføre undervisning og vurdering**
- **Forbetre og utvikle emne**
- **Tilbakemelding om resultat og tiltak**